

## Årsberetning Havnestyret 2021

Styret hadde i alt 5 styremøter i 2021.

Fokus i 2021 har vore å etablere eit felles havnestyre for alle de 3 kaianlegga, bølgebrytarane og flytebyggene i tråd med årsmøtet sine ønske. Sentralt i dette arbeidet har og tinglysing av båtplassar vore.

Havnestyret er ikkje grunneigar i Lussevika havn og har på ingen måte mynde til å avgjere forhold som har med eigarforhold å avgjere. Dette er privatrettslege forhold mellom LGU som grunneigar og den einskilde som avtalepart. Mange har meldt inn endringar til båtplasslister, men havnestyret kan ikkje bytte om på båtplassar utan at det er klarert med de som nyttar båtplassen i dag eller grunneigar.

Det har vorte etablert vassuttak/slangar på alle kaier/brygger, nye bade-/redningsstigar og stupetårn.

Ny støypt båtslipp er etablert for båtopptak. Slippen er finansiert av LGU.

Havnestyret har vidare sett om det er mogleg å montere straumuttak på andre kaier/brygger enn B1. Det vert handsama som eiga sak på årsmøtet.

Økonomi: Felles havnestyre har ikkje hatt eigen økonomi før i 2022. Ved utgangen av 2021 står der om lag 110 000,- på eigen konto for B3 og om lag 40 000,- felles for B1, B2 og B3. 2022 er første året det er innkrevd felles kontingent for Lussevika hamn. Havnestyret arbeider for at desse kontoen(ane) skal sortere under økonomiansvarleg i SLV. Det vert kun utbetalt beløp som er initiert av leiar i havnestyret.